

## INNSPEL TIL KOMMUNEDELPLAN- GRUNNSKULEN 2016-28.

Målsetjinga i kommunedelplanen er **trygge barn i Lindås som deltek, meistrar og lærer**. Kvalitetsplanen skal sikra **tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid**.

Kvalitetsplanen konsentrerer seg om sektoren sitt ansvarsområde, men omtalar og samanhengar med andre avdelingar og samarbeidspartar, samt private og frivillige aktørar. Eit forpliktande samarbeid mellom alle involverte partar til det beste for barn og unge med familie, er ein viktig suksessfaktor for å nå måla i planen.

Lindås kommune har i meir enn 20 år hatt Inn på Tunet tiltak retta mot barn og unge . Årsaka til at slike tiltak har overlevd skiftande kommunestyre og varierande budsjetttsituasjonar må vera at kommunen har sett verdien av dette og mogeleg resultat hjå dei elevane som har fått eit slikt tilbod. Men Inn på Tunet har i alle desse åra mangla ei skikkeleg communal forankring i plandokumenta som kommunen styrer etter. Denne kvalitetsplanen er ein stad der Inn på Tunet som tiltak overfor barn og unge kan forankrast for framtida. **Dette innspelet er meint som ei konkret oppmoding om å forankra Inn på Tunet i dette plandokumentet.**

Når ein les gjennom planen slik den ligg føre finn ein mange tilknytingspunkt for Inn på Tunet, her lista opp nedanfor. Deler av teksten som har klar tilknyting til Inn på Tunet er utheva.

s.6     den einskilde aktør skal kunna oppleve glede over noko ein oppnår på vegne av seg sjølv eller andre. For born og unge kan dette t.d. innebera at dei får hjelp, støtte, ros og oppmuntring til å veksa ved å ta eigne krefter i bruk for å nå eit mål.

*Hovudmålet for arbeidet med kvalitetsplanen er: «**Trygge barn som deltar, meistrer og lærer.**» Dette i tråd med formålet i Folkehelselova, § 1: «Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse».*

s.7 delmål :

God og effektiv opplæring i norsk for **barn og unge frå språklege minoritetar**

Barnehage og skule legg til rette for stor grad av **fysisk aktivitet**

Barn og unge **møter tilgjengelege vaksne som er trygg i rolla si**, både i familie og samfunn

Barnehage og skule legg vekt på å stimulera og synleggjera ressursane til alle barna/ungdommane

Kommunen har **system og kompetanse til å oppdaga og følgja opp barn og unge som opplever omsorgssvikt** eller overgrep

Kommunen sin **innsats retta mot barn og unge med særskilde hjelpebehov** er prega av tverrfagleg samarbeid både internt og eksternt

Det vert lagt vekt på å utvikla venskap, respekt og toleranse, i barnehage, skule og på fritida, og å byggja sterke relasjoner mellom barn, unge og vaksne, samt **styrka samhandlingskompetansen til den einskilde**

**Barn og unge trivst og opplever meistring**, både fysisk, sosialt, emosjonelt og kognitivt

Kommunen sitt arbeid med barn og unge bidrar til å **utjamna sosiale skilnader**, fremja helse samt førebyggja sjukdom

s.9     Planen viser og til samarbeid med andre tenester i kommunen. Vidare er **samarbeid med føresette, frivillige organisasjoner, statlege-, fylkeskommunale- og kommunale tenesteområde samt private samarbeidspartar (t.d. fritidsarena, private barnehagar og grunnskular)** viktig for å lukkast med målsetjingane.

### s13 Folkehelse

Hovudinntrykket etter gjennomgangen av helsetilstand og påverknadsfaktorar er at sjølv om helsetilstanden jamt over er god, har Lindås kommune to hovudutfordringar der det finst påverknadsfaktorar som kommunen rår over: Blant vaksne ser vi livsstilssjukdomar som overvekt, hjarte- og karsjukdom og diabetes type 2

#### **Unge strevar med psykiske plagar, einsemd, og fleire strevar med læringsutbytte i skulen**

Frå forsking veit vi at gode kår i barndommen gir grunnlag for eit godt liv med god helse. Både økonomi i barnefamiliar, inkludering i gode barnehagar og skuler, sunne vanar, nærmiljø og fritid er viktige faktorar.

### s14 trivsel

Tal frå Ungdata 2013 ([www.ungdata.no/NOVA](http://www.ungdata.no/NOVA)) viser at i ungdomsskulen er **18% av elevane plaga med einsemd, og 14% melder om depresjon**. I vidaregåande skule er tala 24% og 18%.

### FRAMANDSPRÅKLEGE – ARBEIDSOPPLÆRING

På landsbasis har vi ein kraftig auke i tal flyktningar, og slik er stoda og for Lindås. For å sikra denne gruppa ein trygg og god start i kommunen, er det viktig med gode helsetenester samt effektiv **norsk-opplæring, skulegang og arbeidspraksis**. Dette vil og gjelde for andre framandspråklege.

s24 Alle barn har rett til ein trygg oppvekst med høve til å delta og utvikla seg ut frå eigne føresetnader

System som sikrar at barn/unge frå språklege minoritetar utviklar tilstrekkeleg språkkompetanse (norsk) i barnehage og skule

System som sikrar at tilsette ser den einskilde sine sterke sider, stimulerer til utvikling og meistring i samsvar med evner og behov

Å vera trygg handlar om omsorg, om å bli sett og anerkjent som person, samt å utvikla seg og delta i sosialt fellesskap. For barn og ungdom er det å bli verdsett som individ, med sine sterke (og svake) sider, utviklingspotensiale og behov, avgjerande for vidare vekst og utvikling. Barnehage og skule er viktige arenaer for læring, for å etablere sosiale relasjoner og for utvikling av sjølvkjensle og sjølvtillit. Dette er igjen grunnleggjande for motivasjon, oppleving av meistring og utvikling av tru på eigne evner. Barnehage og skule kan i høg grad verka inn på psykiske helseforhold, både i barndom og seinare som ung og voksen.

s27 Samfunnet er i konstant endring, og vi må ta utgangspunkt i kjenneteikn ved oppvekstmiljøet i dag når vi legg til rette for gode lokalmiljø. I Noreg i dag er nokre av dei største utfordringane born og unge møter, knytt til:

Generell velstandsauke versus barnefattigdom

Kunnskapssamfunnet som skaper utanforskap om ein ikkje lukkast på skulen

Utdanning og framtidig yrkesutdanning - å gjennomføra vidaregåande skule

Oppleving av stress og det å ikkje strekkja til

Oppvekstmiljøet i Lindås skal gje støtte i høve til desse utfordringane, og skapa gode, trygge miljø bygd på dei gode tradisjonane og sterke sidene til lokalsamfunn i Lindås.

s34 Barn og unge i Lindås kommune skal ha like moglegheiter til å utvikla seg sjølv og sine evner. For å lukkast med det, må ein arbeida aktivt for at alle barna skal tilegne seg eit rikt og variert erfarsingsrepertoar knytt til eiga meistring. Vaksne må leggja til rette for at alle barn får gode erfaringar i å lukkast i kvardagen. Barn og unge som har erfaring i å meistra vil kunne stole på eigen kapasitet, vera motivert for å ta fatt på oppgåva og utvikla tru på eigen kompetanse (Bandura 1997). Det er desse barna som får flest positive erfaringar knytt til eiga læring og meistring. Gjennom støtte og oppmuntring, samt utfordringar som er tilrettelagt den einskilde, skal vaksne bidra aktivt for at **alle barn og unge i det daglege opplever glede over eiga meistring.**

### s33 Tiltak Utvikling av tenestene

Førebyggjande program/system: MOT, Zippy, DUÅ, ART.

Hovudmålet for planen er trygge barn som meistrar. Inn på Tunet vil vera ein alternativ opplæringsarena der alle kan få opplevingar, erfaringar, kunnskap, dugleik, meistring og gjennom det auka sjølvkjensle. Barn og unge i dag vil møta – og må løysa – framtida sine mest alvorlege utfordringar. Det gjeld innan klima, miljø, energi, reint vatn og matproduksjon. Då er det avgjerande at dei har kunnskap og forståing om økologi – og korleis fotosyntesen er grunnlaget for alt liv. I ei verd som vert stadig meir urban, der fleirtalet av barn og unge har lite eller ingen erfaring med maten sin veg frå jord til bord, vil Inn på Tunet vera eit viktig tiltak for å gje dei som er framtida i kommunen ballast å møta framtida med.

Inn på Tunet vil såleis vera eit konkret tiltak som svarar på mange av dei utfordringar som er lista opp i planen ovanfor.

### Konklusjon:

1. Inn på Tunet vert forankra som tiltak i dette plandokumentet. Inn på Tunet må difor koma med som eit tiltak under førebyggjande program på s.33 i planen.
2. Inn på Tunet vert eit allmennpedagogisk tiltak, gjerne retta mot mellomtrinnet. Her har Lindås kommune ein velprøvd modell gjennom samarbeidet mellom Skodvin skule og Træland gard. Dette tiltaket vert no ført vidare med Skodvin Montessori skule. Lindås kommune bør ha som mål å ta i bruk eit slikt tiltak på mellomtrinnet på alle barneskulane i kommunen.
3. Kommunen fører vidare Inn på Tunet som ein alternativ opplæringsarena for elevar som av ulike årsaker treng eit alternativ til den vanlege skulen og klasserommet. Her har Lindås kommune meir enn 20 års erfaring med eit slikt tiltak på Seim gard.

Lindås 10.06.16

Lindås ungdomsskule  
ved Henriette Rolland